



## Saksframlegg

Arkivsak-dok. PLAN-20/00113-59

Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

### Reguleringsplan E39 Ørskogfjellet - Vik

#### Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret reguleringsplan for E39 Ørskogfjellet – Vik

#### Saksopplysninger

##### Bakgrunn:

Statens vegvesen har utarbeidd reguleringsplan for ny E39 Ørskogfjellet – Vik i Vestnes kommune. Planarbeidet er gjort i medhald av plan- og bygningsloven § 3-7, som betyr at Statens vegvesen har utarbeidd planforslaget og vore ansvarleg for offentleg ettersyn, høyring og merknadsbehandling.

Planforslaget er utarbeidd som ein områdereguleringsplan med plankart, føresegner og omtale.

Planprogram for arbeidet, datert 25.03.2021, blei vedtatt av Planutvalet i Vestnes kommune sak PS-25/21 i møte 20.04.2021. Planprogrammet tok ikkje stilling til kva alternativ oransje eller raudt som skulle detaljerast. (Kort eller lang tunnel)

Det vart først lagt ut eit planforslag til offentleg ettersyn i perioden 04.01.22 - 15.02.2022, med forslag til vegline omtala som «oransje alternativ». Det vart varsle omfattande motseigner til forslaget og Statens vegvesen valde å gå bort frå dette alternativet. Planen er no fremma etter «raudt alternativ», med lengre tunnel som mellom anna går forbi Bakkesetra.

Høyringsperioden ved 2.gongs offentleg ettersyn har vore frå 16.09.22 til 28.10.22 og det er mottatt 10 uttalar til planforslaget. Desse er oppsummerte og vedlagt.

Målet med reguleringsplanen er å legge til rette for ny veg frå Ørskogfjellet og ned til Vik. Planområdet startar omrent 700 meter frå kommunegrensa til Ålesund kommune fram til reguleringsplanen E39 Vik-Julbøen med reguleringsendring 2021, planid. 1535\_0144. Strekninga har ei total lengde på 8228 m fordelt på 1738 m dagsone og 6490 tunnel. Heile planområdet dekker eit areal på ca. 327 daa i dagsona.

E39 Ørskogfjellet-Vik inngår som ei delstrekning i planlegginga av ny E39 mellom Ålesund og Molde. Det overordna målet for ny E39 er å redusere reisetida for folk og næringsliv mellom byane som ledd i regional utvikling for fylket og å legge til rette for ein felles bu- og arbeidsmarknad.

Prosjektmål for reguleringsplan E39 Ørskogfjellet- Vik:

- Betre framkomst for framtidig E39
- Reduserte køyretøy- og tidskostnader
- Redusere talet på trafikkulykker og alvorlegheitsgrad ved ulykker
- Meir for pengane (kostnadseffektivitet i prosjektet)

Vegstandard: E39 er ein del av det nasjonale hovudvegssystemet, som knyter saman landsdelar og regionar. Vegen har også viktige regionale og lokale funksjonar. Nasjonale hovudvegar med ÅDT 6-12 000 skal i samsvar med gjeldande vegnormalar (HB N100) planleggast som to- felts veg med midtdelar, vegklasse H2 motortrafikkveg, med vegbreidde 12,5 m. Fartsgrensa på H2- standard er 90 km/t for veg i dagsone og 80 km/t i tunnel.

Av andre følgjer av veganlegget kan nemnast:

- Ny E39 vil bli lagt over vassmagasinet som Ørskogfjellet Skisenter i dag nyttar til produksjon av kunstig snø. Vassmagasinet på ca. 15 000 m<sup>3</sup> er ein føresetnad for vidare drift av skianlegget. Statens vegvesen pliktar å erstatte magasinet med noko som er minst like bra som dagens anlegg, enten som direkte byggesak eller som egen reguleringsplan.
- Skorgeelva må leggast om over ei strekning på 200 m som følge av vegtiltaket. Elva vil krysse både ny E39 og lokalveg, og det vil bli behov for to nye konstruksjonar. Kulvertane blir planlagd med større breidde enn hydrologiske utrekningar tilrår for å gi plass for ei liten hylle for passasje for turgåarar/skiløparar og småvilt.
- For å hindre at vegen drenerer ut myrområda oppstrøms må tettingsvollar etablerast. Vollar blir bygd opp av morenemateriale og sikra mot erosjon ved å dekke vollen med geotekstil nedstrøms. Plasseringa av vollen skal vere oppstrøms veg, filtergrøft og avskjerande grøft.
- Det skal vere tilgang på brannvatn ved begge tunnelopningane. Beste løysing på Ørskogfjellsida er vurdert til å vere nedgrave reservoar som blir fylt av vatn frå avskjæringsgrøfter og som blir plassert ca. 250 meter frå portalen
- Utslepp av klimagassar er i planforslaget utrekna til 72 769 tonn CO<sub>2</sub>-ekv over 40 år. Dette tilsvarar ca. 3 % av dei direkte utsleppa frå fylket Møre og Romsdal i år 2020. Over analyseperioden på 40 år har planforslaget 117 % høgare klimagassutslepp enn referansealternativet, som er å behalde eksisterande veg. Utsleppa frå drift og vedlikehald blir vesentleg lågare for planforslaget enn for referansealternativet, ettersom strekninga er meir enn halvert. Ei halvering av vegstrekninga medfører også ein reduksjon av utslepp frå vegtrafikk, noko som ikkje er inkludert i analysa. Dei største utsleppa frå planforslaget er materialproduksjon og arealbruksendringar. Den einaste, og dermed største utsleppsposten til referansealternativet, er drift og vedlikehald.
- Litt av dei utgravne massane vil bli nytta til skredsikringstiltak i Skorgedalen. Dagsona på Ørskogfjellet har isolert sett eit underskott på sprengstein til vegfyllingar og produksjon av overbygningsmateriale i storleik 30 000-50 000 am<sup>3</sup>. Desse massane kan hentast frå tunneldrivinga og utgjer ca. 500 meter med tunnel. Dagsona på Ørskogfjellet har estimerte gravemassar i et volum på ca. 175 000 fm<sup>3</sup>. Noko av desse massane skal brukast i gjennomføringa til bygging av støvvollar og til utslaking og gjenkledning av vegfyllingar.
- På Ørskogfjellet blir busshaldeplassar etablert på rampene i tilknyting til toplanskrysset. Dette vil skje først når neste delparsell sør for planområdet blir realisert. I mellomtida vil dagens

busshaldeplass ved Turisthytta oppretthaldast. Det er ein føresetnad at kollektivknutepunkt blir etablert på Vik. Der vil nord- og sørgåande bussar møtast og lokaltrafikk til/frå Vestnes og Rauma byter til FRAM Ekspress. Det bør etablerast park & ride og attraktiv sykkelparkering i tilknyting til knutepunktet. Reguleringsendringa for kollektivknutepunkt på Vik vil først vere nødvendig når bygginga av strekninga Ørskogfjellet-Vik blir realisert. Området tilhører planområdet for Vik-krysset. Både Statens vegvesen og Vestnes kommune er kjent med at dette kollektivknutepunktet er viktig og at det derfor også er viktig at kommunen ikkje tillèt området brukt til andre formål før omreguleringa er gjennomført.

- Ørskogfjellet er i seg sjølv ikkje noko typisk målpunkt for syklande. Størst potensial for auka sykling er på de kortare strekningane mellom tettstadene Vestnes og Vik. Ny E39 vil ha følgjande konsekvensar for gåande og syklande:
  - ✓ Det vil ikkje bli tillate å gå eller sykle på ny E39. Det inneber at riksvegruta for syklande vil gå langs fylkesveg eller kommunal veg.
  - ✓ Der ny E39 blir lagt i ny trase vil det bli redusert trafikk på dagens E39, som gir betre forhold for gåande og syklande og anna lokaltrafikk. Dette gjeld spesielt strekning gjennom Vestnes, der tryggleik for gåande og syklande vil bli betre generelt. For lokal sykkeltrafikk vil dette ha størst betydning.
  - ✓ Bortfall av ferje gir utfordringar for fjordkryssing med sykkel. Dette vil ha størst betydning for pendlarar mellom Vestnes og Molde. På strekninga Vik- Julbøen vil syklande være nøyd til å ta buss, enten med eller utan sykkel for å krysse fjorden. Det er også ei mulegheit å etablere ei ordning der ein kan bestille sykkeltransport med taxi. Det er viktig å legge til rette for best muleg sykkelparkering ved knutepunkt og sykkeltransport med buss.

Følgjande tiltak er viktige for å legge til rette for syklande:

- ✓ Attraktive kollektivknutepunkt for syklande og gåande
- ✓ Sørge for tilstrekkeleg sykkelparkeringsplassar ved knutepunkta
- ✓ Mulegheit for å ha med sykkel på buss
- ✓ Samanhengande tilrettelegging for syklande
- ✓ Skilting av sykkelruter

Tiltaket vil gi mjuke trafikantar (gåande og syklande) eit betre tilbod og oppleveling ved passering av området enn i dag. Det vil bli mindre konflikt med bilistar og tyngre kjøretøy på hele strekningen slik at omgivnaden kan opplevast på en heilt annan måte. Fokus kan flyttast frå trafikkbildet til omgivnadane.

## Vurdering

Etter høringsperioden for 2. gongs offentleg ettersyn er motsegner frå fylkeskommunen og statsforvaltaren trekt, etter dialog med vegvesenet. Kommunedirektøren viser elles til vedlagte dokument; Rapport Høringsuttaler, Merknadsbehandling og Oppsummering av endringar.

Vestnes kommune v/Planutvalet hadde 27.10.22 følgjande innspel til reguleringsforslaget:

1. Foreslått T-kryss i stigninga på Fremstedalen er ikkje vurdert trygt nok i praksis og Planutvalet ber SVV sjå på alternative løysingar.
2. Kryss for trafikk til utfartsområda på Ørskogfjellet og Ørskogfjell Skisenter bør anleggjast sentralt på fjellet i nærleiken av Bythaugen (kommunegrensa) som tek omsyn til kollektivtilbod.

3. Planutvalet er bekymra for at manglande heilheitleg planlegging Digernes-Vik også vil medføre store inngrep i naturreservata Måslia (1986) og Nysetervatnet (1988) på Ørskogfjellet.
4. Når det gjeld tilkomst til utmarksteigar på Fremstedalen, rår Planutvalet til at det som minimum blir anlagt ein avkjørsel til formålet og at tinglyste rettar til ferdsel over andre sin grunn blir sikra. SVV kan også vurdere å løyse ut og ta ned granskogen i samband med anlegget.

Kommunedirektøren vurderer no at det reviderte planforslaget tek tilstrekkeleg omsyn til innspela frå planutvalet og viser til at:

1. Kommunedirektøren har i utgangspunktet vurdert at det både er trafikkfarleg og unødvendig med eit slikt T-kryss og har vurdert at saktegåande kjøretøy med fordel kunne ha nytta ein oppgradert del av kulturminnet «Postvegen». Ein form for vern gjennom bruk, som gjer at Postvegen både kjem til nytte og kjem meir fram i lyset. Det er skuffande at kulturvernemyndigheta (fylkeskommunen) så langt ikkje har ønska å tillate dette.  
Kommunedirektøren rår såleis til at planforslaget blir akseptert, slik det ligg føre. Så får det eventuelt bli opp til lokalpolitikarane ved eit seinare høve å ta initiativ til å bruke Postvegen. Det er god tid til å vurdere dette, sidan T-krysset m.m. ikkje er aktuelt å bygge før neste E39-parsell blir realisert. Revidert planforslag presiserer at T-krysset berre kan brukast av saktegåande kjøretøy, som t.d. driftskjøretøy i landbruket, mopedar og liknande. På den måten vil trafikken i dette T-krysset bli redusert til eit absolutt minimum.
2. Kommunedirektøren held fast ved at kryss/tilkomst til utfartsområda på Ørskogfjellet og Ørskogfjell Skisenter bør anleggjast sentralt på fjellet i nærleiken av Bythaugen (kommunegrensa) og tar omsyn til kollektivtilbod. Plassering av kryssområdet på Ørskogfjellet høyrer dessverre til under neste parsell (Digernes – Ørskogfjellet) og blir ikkje avklart i planforslaget for Vik – Ørskogfjellet. Detaljregulering for Digernes – Ørskogfjellet vil strekke seg eit stykke inn i Vestnes kommune, slik at kommunen som planmynde får ei hand på rattet også i planlegginga av denne parsellen.
3. Kommunedirektøren registrerer at Statsforvaltaren har stor merksemad på minimalisering av inngrep og konsekvensar for naturreservata og myrane på fjellet og har såleis tillit til at dette blir godt ivaretatt.
4. Når det gjeld tilkomst til utmarksteigar på Fremstedalen, er det i revidert planforslag lagt til rette for dette ved at enkel driftsveg er vist som illustrasjonsline frå f\_SKV2 langs E39 i profilområdet 1525 til 2170. Tilkomstretten er avgrensa til nyttettransport for drift av eigedomane. Drift og vedlikehald av driftsvegen tilfell ikkje Statens vegvesen.

**Oppsummert** vurderer kommunedirektøren at dei reviderte plandokumenta tek tilstrekkeleg omsyn til Vestnes kommune sine innspel, i tillegg til å ha avklart motsegner frå andre mynde. Det kan også vere ein fordel for Vestnes kommune at planen blir godkjent no, slik at manglande planavklaring ikkje blir eit argument for å stoppe utbygginga av ny E39 ved Vik-krysset, med dei følgjer dette kan få for lokaltrafikk og lokalmiljø. Det ligg såleis til rette for at kommunestyret kan godkjenne planen.

## Vedlegg

E39 Ørskogfjellet-Vik - Detaljreguleringsplan på offentlig ettersyn og høring

Reguleringsplan E39 Ørskogfjellet - Vik - Nytt offentleg ettersyn (høyring)

Vedtak

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan - E39 Ørskogfjellet - Vik - fråsegn ved av

376017\_1\_1

Vestnes%20kommune%20-%20detaljregulering%20E39%20%C3%98rskogfjellet-Vik%20-%20Svar%20p%C3%A5%20f%C3%B8respurnad%20om%20%C3%A5%20trekke%20motse  
Vestnes%20kommune%20-%20Reguleringsplan%20E39%20%C3%98rskogfjellet-Vik%20-%20Trekking%20av%20motsegn

Rapport\_høringsuttalelser

Høringsuttalelser\_behandling

Oppsummering av endringer-22.05.2023

Reguleringsbestemmelser Rødt alternativ\_til vedtak

Planbeskrivelse\_RØDT\_til vedtak

Plankart\_Revidert\_all

20\_20416-106 Reguleringsplan for E39 Ørskogfjellet-Vik i Vestnes kommune oversendes til vedtak

**Særutskrift:**

Etter adresseliste